

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 21.10.2014

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### INNSTILLING

|   |   |
|---|---|
| 1 | Fag- og timefordelinga for det nye studieførebuande tilbodet i Medium og kommunikasjon (MK) bør i hovudsak følgje fag- og timefordelinga for dei studieførebuande programma Musikk, dans og drama og Idrettsfag. Unntak er 2. framandspråk som bør gjerast valfritt for elevar på MK slik at desse elevane har høve til å kunne velje meir fordjuping i MK-fag. |
| 2 | Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 2 felles programfag. Forslag til namn er <i>Mediekommunikasjon</i> og <i>Design og medieproduksjon</i> .  |
| 3 | Det nye studieførebuande utdanningsprogrammet i MK bør ha 4 valfrie programfag. Blant desse bør dei valfrie emna <i>Teknologi og media</i> og <i>Idéutvikling</i> opprettast  |
| 4 | Strukturen for eit framtidig utdanningsprogram i MK bør vere i tråd med modell 1. Gjennom denne modellen vil ein best kunne sikre rekrutteringa til og ta vare på dei yrkesfaglege kvalitetane i fotograf-, mediegrafikar- og mediedesignerfaget.   |